**Fyresdal kommune, sektor for kultur og oppvekst**

## Handlingsplan/rutine for lengre turar i Fyresdal barnehage

*I Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular skal alle barnehagar ha skriftleg rutine for praktisering av tur.*

1. Før ein reiser på tur **skal ein vaksne gå gjennom namnelista** for barna som skal vere med. Les opp namna og krysse av. Dette skal også gjerast **under turen og når ein er attende** frå turen. Gje beskjed når du tenker å vere tilbake. Namnelista skal også ligge i dagboka.
2. Det er **gruppesamansetjinga** som avgjer kor mange vaksne som må vere med. Hovudregelen er minimum **to** vaksne.
3. **Turmål** skal meldast på 9-møte same dag, om ein veit dette.
4. Dei vaksne som reiser på tur har **felles ansvar for heile barnegruppa** saman.
5. Det skal **alltid** gå ein vaksen framom, som har ansvaret for barna som går fyrst, og ein vaksen bak.
6. På tur **skal alltid** ein vaksen ha med seg **mobiltelefon.**
7. Turens lengde **skal** vurderast i samband med ver, terreng og aldersgruppe.
8. Dersom turen går til eit ukjent område eller det er lenge sidan ein har vore der, skal området bli vurdert av ein vaksen som sikkert.
9. Ved bruk av bål aller annan varme skal det **alltid** vere ein vaksen ved bålet/grillen/kokeapparatet.
10. Ta med **sløkkeutstyr** (vatn/branntepp).
11. I sekken skal det **alltid** vere:
    a. Fyrstehjelps utstyr
    b. Utstyr for håndhygiene/toalettbesøk/bleieskift
    c. Drikke
    d. Håndkled
    e. Medisin til dei barna som har behov for det (gjeld spesielt ved allergi)
    f. Eigen rutine for:
        i. Dersom barnet forsvinn
        ii. Dersom barnet eller ein vaksen blir skadd

Turområdet/nærområdet til Fyresdal barnehage ligg nært til vatn og blir ofte eit naturleg element på turen. Det er antall barn, vaksne og gruppesamansetjing som heile tida avgjer om det skal brukast redningsvest eller refleksvest. Det vert også samtala med barn om gode rutinar for desse turane, t.d at barnet ikkje får gå aleine til vatnet.

**Husk!**
Vi er ein gjest i naturen. Søppel skal med tilbake.
Det er forbod mot opptenning av bål i perioden 15.04-15.09.

**Vedlegg: namnelister for avdeling og aldersgrupper**

**RUTINA SKAL ALLTID LIGGE I SEKKEN!**

Februar 2018